

# Referat styremøte 18.juni

Sted: Sykkylven skl sitt klubbhus

Desse møtte: Ola Vangen, Kjell Oddvar Frøysa, Helge Hollund Surdal og Paul Moen

Desse møtte ikkje: Ola Kåre Dybvik, Stian Aleksander Skog-Karlsen, Bjørn Egil Larsen og Rolv Arne Ljøen

## Sak 1: Oppsummering Terminlistemøte

4.juni kjørte vi eit terminlistemøte. Møtet vart haldt på skyttarhuset til Ørskog skl. Dei laga som møtte på møtet var Langevåg, Ørskog, Sunnlyven, Aalesund og Engesetdal/Skodje. På møtet gjekk vi gjennom terminlista for 2019. Langevåg ville stille som arrangør for LDKS miniatyr. Engesetdal/Skodje meldte seg som arrangør av samlagsstemne miniatyr og Aalesund ville ta samlagsstemne felt. Vi manglar fortsatt arrangør for samlagsstemne bane. Vi var også innom diskusjonen på å få til ein turnus på baner for dei forskjellige sesongane, styret vil sende ut eit forslag til skyttarlaga om dette. Elles var det nokre lause diskusjonar om serieskyting og lokale stemne.

## Sak 2: Serieskyting

Om to lag står likt etter 5.runde så skal laga rangerast etter skotne poeng og innertiarar frå alle rundane totalt.

Kasserer fakturerer innskot for laga.

## Sak 3: Skyttartinget

Styret gjekk gjennom heile innkallinga og saklista til skyttartinget. Styret er også einige i mange av sakene. Men der er to saker som styret meina Sunnmør ikkje burde stemme ja til. Sak nr 10: Forslag om endring av klasesettingsregler og Sak nr 11: Forslag om å innføre meisterskap i klasse 1.

På ombodsmøtet blei det bestemt å sende inn på nytt forslag om endring av klasesettingsreglane, som vi gjorde i 2017. Sunnmør er ikkje det einaste samlaget som har sendt inn forslag på dette, men det er vi med det mest avanserte forslaget. Etter administrasjonen sine anbefalingar og Noregs Skyttarstyret si innstilling så foreslår dei at dagens ordning vidareførast utan endringar. Dette kjem vi til å stemme i mot.

Sak 11 går ut på om klasse 1 skal bli gjort om til ei meisterskapsklasse eller ikkje. Innstillinga her frå Skyttarstyret er å vidareføre dagens regelverk for klasse 1 utan endringar. Vi ser ikkje nokon grunn til kvifor vi ikkje skal la klasse 1 få skyte meisterskapsomgang nå som der er komen ei ny rekrutteringsklasse for dei vaksne, nybegynnar vaksen.

#### Sak 4: Eventuelt

Det er kome inn ønske om kurs i stemne oppstart, kjøring og avslutning og standplassleiar kurs. Utdanningskontakta vil starte å organisere og planlegge korleis dette kan gjerast.

#### Sak 5: Neste styremøte

20.august